

# Rapport

## «Sommar på Osterøy»

### Gardsopplevingar på Hauane gard

1. Kor mange barn var påmeldt, og kor mange møtte? Dersom kurset var over fleire dagar, kor mange møtte på dei ulike dagane?

Svar: 9 barn påmeldte. 1 avmelding. Av dei 8 var det 4 som møtte opp alle i årsklasse 2010. Kurset varte i 2 dagar. Same oppmøte begge dagar.

2. Kor mange assistentar deltok frå vidaregåande, og kor mange timar jobba dei kvar?

Svar:

Det skulle egentleg vore med 1 assistent frå Vidaregåande, som ikkje kunne likevel. 2 andre vaksne deltok under padling/roing/fiske i tillegg til dei 2 instruktørane, for å ivareta tryggleiken utifrå antal påmeldte.

3. Kva var innhaldet i kurset?

Svar:

Delta i ulike oppgåver og aktivitetar på garden som

--Hausting av grønsaker og bær, smake, lære litt om dyrking, lage mat av det garden produserer (Barna deltok i skrelling og oppkutting av grønsaker. Vi laga betasuppe, ørret og grønsaker i folie på bålet, potetkaker og saft)

-Lære om dyra på garden: kattar, høns, kyllingar, kalvar, kyr

-Lære om korleis og kvifor vi haustar vintermat til dyra -delta i raking og innsamling av graset, gje graset til dyra i fjøset

-Leik/Aktivitetar: Hoppe i høyet, gjømsel, kose med dyra, padle i kano, fiske med stang, sitte på i traktor

- Lære om livet på garden før i tida ved kårkall Rune Revheim

4. Gav barna nokon tilbakemelding på korleis dei opplevde kurset?

Svar:

Ja, alle barna gav ulike uttrykk av trivsel. Gode tilbakemeldingar frå foreldre om at barna hadde hatt det kjekt og gledde seg.

5. Kva ynskjer du/de at barn og unge skal sitte att med etter å ha delteke på kurset?

Svar:

- Gode ,trygge ,kjekke, positive opplevingar ilag med dyra og menneska på garden

- Auka forståing og kunnskap om livet og samanhengane på ein gard, korleis maten vert til

- Oppleving av mestring, samhandling, samarbeid, gode samtalar

6. Kva erfaringar har de gjort dykk med kurset? Kva fungerte bra, og kva kunne ha vore løyst annleis (òg med tanke på kommunen si rolle)? Kan de tenke dykk å delta på dette fleire gangar om muligheten er der?

Svar:

- Viktig med god planlegging, men og vere førebudd på å finne alternativ/ vere fleksibel når ting ikkje går som planlagt. Feks når eit barn ikke likar maten som ein har planlagt å lage.

- Det vart få deltakarar som møtte opp, men det at det var færre gjorde at både barna og vi vaksne fekk betre kontakt og tid med kvar enkelt.

- Barna var i ein fin alder. Ein veldig kjekk gjeng som var positive, interesserte, motiverte og samvittighetsfulle.

-Det vart sendt ut epost 2 gonger, ca 1 veke og 2 daga, før kurset med påminning og info til dei føresette. Likevel var det 4 som ikkje gav tilbakemelding om at barnet deira ikkje kom på kurset. Det medførte ein del forgjeves og unødvendig arbeid, innkjøp, planlegging og førebuing. Kommunen bør finne ei løysing slik at ein unngår dette.

- Opplegget fungerte bra med varierte aktivitetar, men vi følte at tida (5,5 timar kvar dag) vart litt knapp for å rekke over det vi hadde planlagt. Kunne hatt eit par timar til kvar dag, eller 1 dag til. Alternativt færre aktivitetar.

- Enkelte barn ynskte å ha mange oppgåver/ veldig arbeidslysten. Vere meir føredudd på konkrete, alternative oppgåver og aktivitetar

-Ei kjekk oppleving å ha dette opplegget, så er positiv til å vere med ein anna gong eventuelt. Takk for godt samarbeid!

7. Andre kommentarer

Send gjerne bilder om du har teke nokre!

Svar:

Tok ein del bilete, skal få oversendt etterkvart.

Helsing Lillian Bjørnseth, gardbrukar på Hauane gard